

# ÅRSMØTE I HORDALAND SOGELAG 2010.

**Protokoll frå Årsmøte i Hordaland sogelag 2010.**

**Møtet vart halde i Herdlevågen Gjestehus, Askøy søndag 14. mars 2010 kl.09.30.**

## **Deltakarar:**

**Frå styret:** Else Marie Kind Hevrøy, Mikal Heldal, Jarleiv Haugland, Einride Aakra, Åse Eikemo Strømme, Sigrid Kaale.

**Frå lokallaga:** Jan Økland (Tysnes sogelag), Jakob Gulberg (Stord sogelag), Johannes Heradstveit, Øyvind Neteland ( Kvam soge- og kulturminnelag), Marta Eskeland, Jakob Eskeland, Dorthea Moe Aakra (Etne sogelag), Marit Bleie Mannsåker (Hardanger historielag), Gro Borgund, Einar Borgund (Radøy sogelag), Kenneth Bratland (Åsane historielag), Erling Virkesdal ( Askøy museums slag), Leiv Mæhle (Osterøy sogelag).

Til saman 19 frammøtte.

## **Sak 1:**

### **Konstituering, val av møteleiar og referent**

Else Marie Kind Hevrøy vart vald til møteleiar. Sigrid Kaale vart vald til skrivar.

## **Sak 2:**

### **Godkjenning og innkalling av sakliste**

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

## **Sak 3:**

### **Årsmelding 2009**

Årsmeldinga var sendt ut på førehand.

Møteleiar gjekk gjennom punkt for punkt.

Hordaland sogelag har 35 medlemslag.

Styret har hatt 7 styremøte i medlemsåret, og handsama 47 saker.

Årsmøte og lokalhistoriske dagar var i 2009 lagde til Evanger der Vassvøri sogelag var vertskap.

Styret har sendt ut medlemsbrev med referat frå lokalhistoriske dagar og årsmøte 2009, og julebrev i desember.

Sogelagsturen 2009 gjekk til Normandie 23. til 30. juli.

Skottehandelprosjektet er under stadig arbeid. Ei arbeidsgruppe har hand om planleggjinga av prosjektet. Det vert arbeidd med å få sponsorar til prosjektet.

Temahefte: Ei nemnd er utpeika til å arbeida med å gje ut temahefte der tidlegare publiserte artiklar frå ulike skriftseriar i fylket vert opptrykte på nytt.

Hordaland sogelag har vore med å støtta utgjeving av minneskrift om Johannes Heggland.

Hordaland sogelag er medlem av landslaget for Lokalhistorie og Hordaland Folkeakademi.

Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

## **Sak 4:**

### **Rekneskap 2009**

Jarleiv Haugland la fram rekneskapen. Laget hadde eit underskot på kr. 16158,35 i 2009.

Kapital pr. 31.12.2009 kr. 187550, 02

Ved ei feil har det ikkje vorte kravd inn medlemspengar for 2009. Dette vert gjort i samband med utsending av krav om medlemspengar for 2010.

**Sak 5:****Handlingsplan/langtidsplan 2009 – 2011**

Handlingsplanen vart godkjend sist år, og same planen vert lagd fram i år. Planen vil verta oppdatert i løpet av året og teken opp att på nytt på neste årsmøte.

**Sak 6:****Fastsetjing av medlemspengar**

Åse Eikemo Strømme var på årsmøte i landslaget. Ho forklarte at der vart det gjort vedtektsendringar. Ein vil gå inn for stykkpris for medlemene for å styrkja økonomien til landslaget. Fylkeslaget kan kanskje gå inn på same modellen. Det vert opp til kvart fylkeslag å bestemma dette. Frå medlemmer i salen kom det fram at stykkpris kan verta ei stor utgift for lag med mange medlemmer, og kanskje føra til at det vert utmelding.

Else Marie Kind Hevrøy bad om å få tilbakemelding om medlemstala i lokallaga.

Medlemskontingenten vert uendra i 2011.

Saka vert teke opp til diskusjon på neste årsmøte.

**Sak 7:****Budsjett 2010**

Framlegg til budsjett for 2010 på kr. 56000 vart lagt fram av Jarleiv Haugland og godkjent.

**Sak 8:****Val**

Valnemnd: Leiv Mæhle (Osterøy sogelag), Dorthea Moe Aakra (Etne sogelag), Øyvind Teigen(Vassvøri sogelag).

Leiv Mæhle leia valet.

Dei som stod på val for 2010 var: Else Marie Kind Hevrøy ( Fjell kulturminnelag), Jarleiv Haugland (Lindås sogelag), Sigrid Kaale (Kvam soge- og kulturminnelag) og varamedlmene Åse Eikemo Strømme (Vaksdal historielag), Guro Dagestad (Voss sogelag).

Revisorar: Leif Flesland (Fana sogelag), Marta Rykkje (Kvam soge- og kulturminnelag).

Desse var ikkje på val: Mikal Heldal (Tysnes sogelag), Einride Aakra ( Etne sogelag)

Jarleiv Haugland hadde sagt frå at han ikkje ynskte attval.

Valnemnda sitt framlegg til nytt styre:

Leiar:	Else Marie Kind Hevøy	attval 1 år
Styremedl.	Åse Eikemo Strømme	ny 2 år
	Sigrid Kaale	attval 2 år
Varamedl.	Guro Dagestad	attval 1 år
	Einar Borgund (Radøy sogelag)	ny 1 år

Revisorar: Leif Flesland (attval), Marta Rykkje ( attval).

Det kom benkeforslag om å velja Jarleiv Haugland inn som varamedlem i staden for Guro Dagestad. Ved skriftleg stemming vart Jarleiv Haugland innvald med 10 stemmer, Guro Dagestad fekk 2 stemmer. Styret har ikkje stemmerett.

Dei andre vart valde inn med akklamasjon.

Varamedlemer vert: Einar Borgund og Jarleiv Haugland.

Leiar, varamedlemer og revisorar vert valde for eit år. Styremedlemene vert valde for 2 år.

Ny valnemnd: Dorthea Moe Aakra, Øyvind Teigen, Marit Bleie Mannsåker (Hardanger historielag) ny.

**Sak 9:**

**Eventuelt innkomne saker**

Ingen innkomne saker under eventuelt.

**Orientering frå styret**

Mikal Heldal orienterte om temaheftet: Segn og Soge som er kome ut i 1000 eksemplar. Det vert sendt ut 50 eks. til kvart lag for sal. Pris kr. 50.00. Kr. 20,00 går til lokallaga, kr. 30,00 til Hordaland sogelag. I 2011 kjem eit nytt hefte: Fiske og fangst.

Skottehandelen har ikkje fått nye midlar. Ein vil bruka pengane ein har til utstilling i haust på Sunnhordland museum og Hordamuseet.

Nettsidene til laget har eit litt vanskeleg format. Ein må få nettsider som er enkle å oppdatera. Desse vanskane har nok lokallaga og. Hordaland sogelag kan tenkja seg å laga til eit dagseminar som tek opp emnet.

Sogelaget sin tur i vesterveg går i år til Island 26.juli – 2. august.

Fykse 17. mars 2010

Sigrid Kaale

–skrivar-